

NotatDato: 01.04.2019
Arkivsak: 2019/2073-5
Saksbehandlar: chaespe

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen skuleåret 2019-2020

Årleg får elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen oppleve eit mangfald av kunst- og kulturproduksjonar gjennom Hordaland fylkeskommune sitt program for Den kulturelle skolesekken. Programmet omfattar breidda av uttrykk, frå scenekunst, visuell kunst, litteratur og musikk, til film og kulturarv. Produksjonane har solid kunstnarleg kvalitet, vert formidla på forskjellige arenaer og måtar, og elevene sin oppleving og medverknad er i fokus.

Hordaland fylkeskommune legg faglege og praktiske vurderingar til grunn for samansettinga av programmet. Det er faggruppe for kvart av uttrykka i Den kulturelle skolesekken, og eit overordna fagleg råd. I kvar faggruppe er det i hovudsak minimum to og maksimum fire eksterne fagpersonar, i tillegg til maksimum to fagpersonar frå Kultur- og idrettsavdelinga ved Seksjon for kunst- og kulturformidling. I det faglege rådet er det ein representant frå kvar faggruppe, representantar frå skulesektoren og Hordaland fylkeskommune ved Seksjon for kunst- og kulturformidling. Eit ungdomsprogramråd med representantar frå Ungdommens fylkesutval medverkar i heile prosessen med vurdering av produksjonar og fastsetting av endeleg program.

Faggruppene gjer den faglege vurderinga av alle innkomne forslag og tilrår produksjonar som kan inngå i programmet, det faglege rådet er delegert mynde til å vedta det endelege programmet. Ungdomsprogramrådet har i samband med vurdering av innkomne forslag til programmet for skuleåret 2019-2020 medverka i to faggrupper og valt ut fire av produksjonane i programmet.

Følgjande kriterier ligg til grunn for Hordaland fylkeskommune sitt program for Den kulturelle skolesekken:

- a) Forslagsstillar skal ha levert fullstendig søknad innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmopptak der dette er naturleg.
- b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
- c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
- d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og genremessig breidd, spelestad og formidlingsmåte.
- e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen sin undervisning i estetiske fag.
- f) Det skal vera eit særskild fokus på regionale og lokale utøvarar, og nyskapande kunst skal prioriterast.

- g) Det samla programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.
- h) Det samla programmet skal innehalde ein høg del produksjonar på nynorsk og målføre.
- i) I det samla programmet skal det vera god balanse mellom ulike formidlingsmåtar og –arenaer.
- j) I det samla programmet skal det vera god balanse mellom produksjonar av/med freelanceutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.
- k) På scenekunstheltet skal tilbodet fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og freelanceutøvarar/frie grupper kvar skal ha minimum 30% av volumet til høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule, dersom det er søkjargrunnlag for det.

Torsdag 14. mars vedtok fagleg råd følgjande program for Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2019-2020:

Sjanger/ saksnr.	Dok.nr.	Namn på verksemda/ utøvar	Namn på produksjonen	Målgruppe	Lokal	Produksjonen har vore ute tidlegare
Film 2018/13212	2	Olaug Spissøy Kyvik	Filmtalenter	5.-7. trinn	Lokal	Ja
Film 2018/13212	3	BRODER ORD & FILM, v/Nick Hegreberg	Charlie Chaplin & det 20. århundret	Vgs.		Nei
Film 2018/13212	4	PLUTOPLASTIK PICTURES, v/ Jan Rune Blom	Animasjonsverkste d	5.-7. trinn		Nei
Film 2018/13212	5	BRODER ORD & FILM, v/Nick Hegreberg	BALUBA RUNA – FRA ÍDE TIL FILM TIL BOK	1.-4. trinn		Ja
Film 2018/13212	10	Tour de Force AS, v/ Tor Fosse	Rekonstruksjon Utøya	Vgs.		Nei Elevene sitt val
Film 2018/13212	11	Hergel film, v/ Stephan Hergel	Lynfilm - Hvordan lage film på en-to- tre?	8.-10. trinn		Nei Elevene sitt val
Film 2018/13212	14	DIFFER MEDIA AS, v/ Julie Lillesæter	The Dry Valley - møt menneskene i Romanias skandinaviske landsby	8.-10. trinn		Nei
Film 2018/13212	16	ALTERMARK TEATER, v/ Anders Altermark	Filmhjelp.no	8.-10. trinn		Ja
Film 2018/13212	19	SVANHILD UTNE	Skyggedans	5.-7. trinn	Lokal	Nei
Kulturarv 2018/13213	1	Morten Kutschera	Ei reise til steinalderen	5.-7. trinn	Lokal	Ja
Kulturarv 2018/13213	2	FORTELJAR ANNE ELISEBETH SKOGEN	"Over havet til Amerika i 1825", om det første norske utvandrarfølgje.	Vgs.		Nei
Kulturarv	14	NORSK	Demokrati på prøve	8.-10. trinn	Lokal	Nei

2018/13213		VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMU SEUM, v/ Åsne Meyer	- kraft eller natur?			Elevene sitt val
Kunstartar i samspel 2018/13214	7	Øyvind Hegg-Lunde	Erlend Apneseth Trio & Erlend O. Nødtvedt	Vgs.	Lokal	
Kunstartar i samspel 2018/13214	9	NYHUS SVEIN	To menn og en tavle	1.-4. trinn, 5.-7. trinn		Ja
Kunstartar i samspel 2018/13214	10	Roald Kaldestad	Heavykatten	1.-4. trinn, 5.-7. trinn	Lokal	Ja
Kunstartar i samspel 2018/13214	31	Gisle Haaland	Et blick på hverandre	Vgs.		Ja
Kunstartar i samspel 2018/13214	36	Johanne Løkensgard Mjøs	Edith	1.-4. trinn, 5.-7. trinn	Lokal	Nei
Kunstartar i samspel 2018/13214	37	NYNORSK KULTURSENTRUM , v/ Guro Ljone	Tenk om eg var ein tanke	1.-4. trinn	Lokal	Ja
Kunstartar i samspel 2018/13214	40	KNARVIK ENTERTAINMENT, v/ Ole Petter Knarvik	Bach goes HipHop	1.-4. trinn, 5.-7. trinn	Lokal	Ja
Kunstartar i samspel 2018/13214	50	Sarah Camille Ramin Osmundsen	Bandi - finner en baby til en Mamma	1.-4. trinn		Nei
Kunstartar i samspel 2018/13214	51	HELENA WIK	Kunst av kroppen	5.-7. trinn		Nei
Kunstartar i samspel 2018/13214	52	BERGENSTRIENN ALEN AS, v/ Tor Steffen Espedal	Bergen Assembly 2019	Vgs.	Lokal	
Litteratur 2018/13215	3	SVINEPELSEN Reidar Kjelsen	"Æsj!"	1.-4. trinn		Ja
Litteratur 2018/13215	4	Erika Forlag Martinsen, v/ Per Ivar Matinsen	"Hei, jeg er et dikt! – språkets utallige muligheter"	Vgs.		Ja
Litteratur 2018/13215	8	TOR ARVE RØSSLAND	Krim for ungdom	8.-10. trinn	Lokal	Ja
Litteratur 2018/13215	9	Line Baugstø	Vi skulle vært løver	8.-10. trinn		Nei
Litteratur 2018/13215	11	BJØRN INGVALDSEN	Apollo – et lokomotiv på månen.	5.-7. trinn		Nei
Litteratur 2018/13215	14	NINA NÆSHEIMS FORTELLERHULE	DET MAGISKE SKRINET	Bokbåten: 1.-4. trinn		Nei
Litteratur 2018/13215	20	CHRISTIN GRILSTAD PRØIS	Et annerledes forfatterbesøk	1.-4. trinn		Ja
Litteratur	27	SIV WYLLER	Hockeysveis fører	5.-7. trinn		Ja

2018/13215			til dårlige rim			
Litteratur 2018/13215	28	SIV WYLLER	Sirkus Maxim	Vgs.		
Litteratur 2018/13215	33	VEGARD MARKHUS	Full fart med Rine og Ravi	1.-4. trinn	Lokal	Ja
Litteratur 2018/13215	37	NETT FILM Bobbie D K Peers, v/ Tone Øpstad	William Wenton	5.-7. trinn	Lokal	Nei
Litteratur 2018/13215	40	Alexander Løken	DE DØDE SER DEG - I overvåkingsens tid	8.-10. trinn		Nei
Litteratur 2018/13215	43	Bjørn Olav Jahr	Hvem drepte Birgitte Tengs?	Vgs.		Ja Elevene sitt val
Musikk 2018/13216	1	Christine Sandtorv	Stjerneteller	1.-4. trinn, 5.-7. trinn	Lokal	Ja
Musikk 2018/13216	5	KAKKMADDAFAKK A AS, v/ Ruben Nesse	Konserter med kakkmaddafakka	Vgs.	Lokal	
Musikk 2018/13216	6	Torbjørn Netland	"Vestland"	8.-10. trinn	Lokal	Nei
Musikk 2018/13216	8	AWESOMNIA SA, v/ Maria Karlsen	Awesomnia "Tar over din verden"	8.-10. trinn		Nei
Musikk 2018/13216	12	ANDERS SÆBØ BITUSTØYL	Polardronningen spiller opp	1.-4. trinn, 5.-7. trinn	Lokal	Nei
Musikk 2018/13216	15	Ellen Brekken	Du og jeg og vi 2 - 3 - 4	1.-4. trinn		Nei
Musikk 2018/13216	26	Hildegunn Hovde	SUPERIOPERA	1.-4. trinn, 5.-7. trinn		Nei
Musikk 2018/13216	28	Inger-Kristine Riber	TINY PIANO	5.-7. trinn	Lokal	Nei
Musikk 2018/13216	37	SINDRE SORTLAND	Skummel Musikk	Bokbåten: 1.-4. trinn, 5.-7. trinn, 8.-10. trinn	Lokal	Nei
Musikk 2018/13216	49	KRISTINE BJÅNES	Fire stemmer – fire mikrofonar	8.-10. trinn	Lokal	Ja
Musikk 2018/13216	53	Stiftelsen Fargespill, v/ Kjersti Bergen	D eg E med Miss Tati	Vgs.	Lokal	
Musikk 2018/13216	54	Bodil Lunde Rørtveit	Augneblinks musikk	2.-3. trinn	Lokal	Ja
Musikk 2018/13216	56	MUSIC ARTIST DRAMA ENTERTAINMENT AS, Camilla Christensen	Miss Tati	8.-10. trinn	Lokal	Ja
Musikk 2018/13216	71	Nina Kristine Linge	Nina og Sommarfuglfiskane	1.-4. trinn, 5.-7. trinn	Lokal	Nei
Scenekunst 2018/13217	18	Øyvind Hegg-Lunde	HYSJ	1.-4. trinn, 5.-7. trinn	Lokal	Nei

Scenekunst 2018/13217	33	CARTE BLANCHE AS	DKS-program av Carte Blanche	8.-10. trinn	Lokal	Nei
Scenekunst 2018/13217	47	STIFTELSEN BERGEN NASJONALE OPERA	Prosjekt Opera - La clemenza di Tito av Mozart	Vgs.	Lokal	
Scenekunst 2018/13217	48	RIMFROST PRODUKSJONER SA, Siri Hallingby Børs-Lind	Morten 11år	5.-7. trinn		Nei
Scenekunst 2018/13217	63	ABSENCE AS, v/ Piero Issa	NORR- da gudene breaket	8.-10. trinn	Lokal	Nei
Scenekunst 2018/13217	71	HORDALAND TEATER LL	Raskolnikov	Vgs.	Lokal	
Scenekunst 2018/13217	93	KATJA BRITA LINDEBERG	Om bare Lyseblå kunne bli superhelt	1.-4. trinn		Nei
Scenekunst 2018/13217	127	MoonMadeTroup, v/ Ine Terese Hogstad	Den lille prinsen	1.-4. trinn	Lokal	Nei
Scenekunst 2018/13217	132	Ida Wigdel	Meg, Meg og Meg	Vgs.		
Visuell kunst 2018/13218	2	Ånond Versto	Verds-skrifta	8.-10. trinn		Nei
Visuell kunst 2018/13218	9	ESPENART.COM ESPEN TERJESEN	Et annerledes tegneseriekurs	5.-7. trinn	Lokal	Ja
Visuell kunst 2018/13218	10	FOTOGRAF ØYVIND HJELMEN	Eit magisk møte med lyset	5.-7. trinn	Lokal	Ja
Visuell kunst 2018/13218	12	Flisefint, v/ Anita Abtahi	Mikkmakk - litt mosaikk, takk	1.-4. trinn		Nei
Visuell kunst 2018/13218	16	Geir Moen	Månelyst-tegne etter eventyr.	8.-10. trinn		Nei
Visuell kunst 2018/13218	24	PIKSEL PRODUKSJONER LTD, v/ Gisle Frøysland	City-Tech: SONORATEC! - en kunstlab med nye medier for barn.	5.-7. trinn	Lokal	Nei
Visuell kunst 2018/13218	29	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	Skildring: et sammensatt bilde i glass.	Vgs.	Lokal	

Dersom ein produksjon er oppteken på anna hald, utøvarane ikkje kan turnere i det omfanget det er trong for, det er trong for fleire produksjonar, eller andre uventa tilhøve skulle inntreffe, vert nye produksjonar vurdert med bakgrunn i faggruppene sine tilrådingar.